

MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

Mars

2026

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1 - HUGS SØKNADSFRISTEN 15. MARS

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. mars) kan du inn og endre fram til 29. mars. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn.** Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

KRAV TIL GJØDSLINGSPLAN 2026

Dersom du disponerer og gjødsler meir enn 25 da pr. år (5 da poteter), må du ha ein årleg gjødslingsplan. Gamle fritak frå gjødslingsplan er oppheva etter den nye forskrifta som gjeld frå 2026. Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål. Sjå meir om ny forskrift bak i bladet.

GJØDSLINGSJOURNAL

Frå 2026 skal alle som brukar gjødsel føre journal over faktisk gjødsling.

Merk at kravet om gjødseljournal gjeld for alle, uavhengig av storleiken på arealet. Sjå meir om ny forskrift bak i bladet.

DISPENSASJON FOR Å SPRØYTE I KANTSONER, ÅKERHOLMAR OG I UTMARK

Det er i utgangspunktet ulovleg å sprøyte med plantevernmiddel i kantsoner, åkerholmar og i utmark, men dersom det likevel er nødvendig, kan du søkje kommunen om dispensasjon.

Kommunen har fått delegert denne oppgåva frå Mattilsynet. Ta kontakt med oss, så hjelper me deg med søknaden. NB! Dersom du må sprøyte langs vassdrag, er det framleis Mattilsynet som gir dispensasjon.

HUSDYRREGISTERET – har du hugsar å oppdatere før du søker tilskot?

For deg som søker tilskot til storfe, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert før kvar teljedato. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato. Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

PLASTINNSAMLING VÅREN 2026

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at platen er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

MINIMUM 2 METER BREI KANTSONE MOT VASSDRAG

Det er svært viktig å ta vare på kantsona langs vassdrag, og den skal vere **minimum 2 meter brei (horisontal).** Der skal det ikkje pløyast, spreiaast eller sprøytast. Dette er eit minimumskrav for å i det heile tatt få arealtilskot på dei omsøkte areala.

«VANLIG JORDBRUKSPRODUKSJON» I SAUEHALDET?

Dette tema blir stadig meir omdiskutert, både i media og frå Statsforvaltaren si side. Landbruksforvaltninga skal vurdere om drifta di er «vanleg», og om den gir grunnlag for produksjonstilskot.

Utgangspunktet

Det klare utgangspunktet er:

- Alle søyer som ikkje skal slaktast (utrangerast), skal parast.
- Påsettlam treng ikkje parast første året for å telje med i produksjonen.
- Fjorårslam og vèrar som skal utrangerast, blir ikkje rekna som ein del av vidare drift.



Foto: Anne Karin Langeland

For låg reproduksjon (færre lam enn normalt)

Det må vere ein viss produksjon for at drifta skal reknast som vanleg.

- Det er talet på søyer du søker tilskot for pr. 01.03. som er grunnlaget for berekning av reproduksjonsgraden pr. søye
- Dersom du søker tilskot for dyr som eigentleg skal utrangerast, vil dei trekkje ned snittet for lam pr. søye.

Dersom talet på lam pr. søye er **under 50% av gjennomsnittet for rasen**, kan forvaltninga stille spørsmål om drifta er vanleg.

Blir det produsert svært få eller ingen lam, kan det i seg sjølv vere grunnlag for å avslå produksjonstilskotet.

Kort sagt:

Har du søyer, men få eller ingen lam til slakt, kan det bli sett på som unormal drift.

For låg slaktevekt på lamma

Slaktevekta blir og vurdert.

- Dersom slaktevekta er under **70 % av gjennomsnittet for rasen**, kan det bli stilt spørsmål om drifta er vanleg.
- Mange lam i klasse **P-, P og P+** kan tyde på at produksjonen ikkje er tilfredstillande.
- Alder på lamma ved slakt blir og vurdert

Kort sagt:

Er lamma mykje lettare enn det som er normalt for rasen, eller mange av dei er dårleg klassifiserte, kan det slå negativt ut.

Enkelt forklart

For å bli rekna som vanleg jordbruksproduksjon i sauehaldet må du:

- Pare søyene som skal vere i drift
- Få eit rimeleg tal lam pr. søye
- Produsere lam med nokolunde normal slaktevekt og kvalitet

Er produksjonen vesentleg lågare enn det som er vanleg for rasen, kan du risikere å miste produksjonstilskotet.

INNOVASJON NORGE
IBU-prioriteringar Rogaland 2026
Tradisjonelt landbruk – Prioriterte område

- Mjølkeproduksjon – ombygging til lausdrift.
- Ressursavklaring innan mjølk for bruk som står ved eit vegskilje.
- Ungdyr-oppdrett i mjølkeproduksjonen – ombygging til lausdrift eller trinnvis ombygging.
- SPF-gris – inntil 35 % tilskot og maks 500 000 kroner.
- Ammeku – ombygging til lausdrift med vekt på dyrevelferd (avgrensa utmåling).
- Sau – tiltak med særleg fokus på dyrevelferd (avgrensa utmåling).
- Gjødsel- og grovførlager – inntil 25 % tilskot og maks 250 000 kroner.
- Unge bønder og generasjonsskifte innan prioriterte produksjonar.
- Distriktsprofil – sikre landbruk i heile fylket.
- Frukt, bær og grønsaker når marknadstilgang kan dokumenterast (gjeld både plantasar og lagerbygg).

Ikkje prioriterte område – Tradisjonelt landbruk

- Kyllingproduksjon.
- Eggproduksjon.
- Gris utover prioriterte SPF-saker.
- Andre landbruksbaserte næringar.

Tilleggsnæringar – Prioriterte område

- Lokalmat – foredling, produktutvikling og sal.
- Gardsutsal kan få avgrensa oppstartstilskot når utsalet også tilbyr varer frå andre bønder, dekkjer eit behov i marknaden og ikkje verkar konkurransevridande.
- Landbruksbasert reiseliv – gjerne i kombinasjon med lokalmat.
- Inn på tunet-tiltak for godkjende tilbydarar.

Ikkje prioriterte område – Tilleggsnæringar

- Skog- og sagbruksverksemd.
- Næringsutvikling utan tilstrekkeleg landbrukstilknytning.
- Lån

Innovasjon Norge tilbyr lågrisikolån til landbruk og risikolån i tråd med nasjonale prioriteringar og gjeldande rentevilkår slik dei er publiserte på nettsidene våre. Med ein velfungerande bankmarknad i Rogaland får dei fleste kundane finansiering gjennom lokal bank.



Foto: Anne Karin Langeland

Søknadsfrist og søknadsprosess

For 2026 har Innovasjon Norge allereie motteke så mange søknader at det i utgangspunktet ikkje er rom for fleire enn dei som kom inn i 2025. Unntak kan vere prioriterte lausdriftssaker innan mjølk og mindre saker knytte til SPF-gris, gjødsellager, ressursavklaring mjølk og marknadsavklaring for tilleggsnæringar.

Søknader som alt er sende inn og som ikkje får tilskot i år, vil bli returnerte dersom dei ligg innanfor prioriteringane, eller få avslag dersom dei blir vurderte å vere utanfor prioriteringane. Dette skjer når midlane er oppbrukte.

For søkjarar som ikkje rakk å søkje i år, opnar Innovasjon Norge for søknadar til neste års IBU-pott frå 1. juni 2026. Dette er ein opningsdato – ikkje ein søknadsfrist. Det kan søkjast gjennom sommaren og hausten fram til 2027.

Gardskart – godkjenning og endring av areal

Arealdata i gardskartet blir brukte som grunnlag for utrekning av areal- og kulturlandskapstilskot (produksjonstilskot, del 2) med teljedato 01.10.2026. Det er difor viktig at gardskartet til ein kvar tid viser korrekt informasjon.

Arealendringar

Arealendringar bør meldast så tidleg som mogleg, og helst før mai 2026, slik at kommunen kan gjennomføre synfaring og få oppdatert kartet i god tid før teljedato for produksjonstilskot, del 2.

Når det gjeld søknad om tilskot til Regionale miljøtilskot (RMP), må arealet vere registrert som jordbruksareal i gardskart innan 31. juli for å kunne utløyse tilskot til bratt areal.

Slik sjekkar du gardskartet:

- Søk opp gards- og bruksnummer i gardskartet, og slå på flybilette som bakgrunn for betre oversikt.
- Kontroller at registrert jordbruksareal stemmer med faktisk areal i drift.
- Dersom du meiner at jordbruksarealet er feil registrert, ta kontakt for å avtale synfaring og ny vurdering av dei eigedommane du disponerer.

Arealopplysingane i gardskart blir også brukte i handsaming av jordlovsaker, og ved sal av landbrukseigedom som ein del av grunnlaget for takstfastsetjing.

Godkjenning av Innmarksbeite

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. For å bli godkjent som innmarksbeite må arealet:

- ha grasrik vegetasjon med minst 50 prosent kulturgras og beite-tålande urter
- vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at det er godt tilgjengeleg for beitedyr
- ha eit tydeleg kulturpreg

Alt innmarksbeiteareal skal vere godkjent av kommunen og registrert i gardskart for å gi grunnlag for arealtilskot.

For å avtale synfaring: Kontakt Anne Karin Langeland, tlf. 47 69 86 67.

Dispensasjon ved etablering av innmarksbeite

Ved opparbeiding av innmarksbeite på utmarksareal kan kommunen, etter søknad, gi tidsavgrensa dispensasjon til å spreie gjødselvarer på anna areal enn godkjent spreieareal. Denne dispensasjonen kan berre givast i etableringsfasen av innmarksbeite. Ved vurderinga skal det leggjast særleg vekt på

- kva verknad gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar
- om gjødslinga kan skje på ei forsvarleg måte.

Når området er godkjent som innmarksbeite, kan det deretter søkjast om å få innmarksbeitet godkjent som spreieareal.



Foto: NVE

VASSDRAG

Me ser at det er stort engasjement for å ta vare på vassdraga og fisken i kommunen, noko som er veldig positivt. Likevel har ein framleis ein del utfordringar med fysiske inngrep i og langs vassdrag, i tillegg til ein del avrenning av næringsstoff. Hugs at ein må ha løyve frå anten fylkeskommunen eller Statsforvaltaren til å gjere fysiske tiltak i og langs vassdrag (t.d. oppreinsking eller erosjonssikring).

I tillegg er tiltak i kantsona langs vassdrag, som til dømes graving eller hogst, i hovudsak søknadspliktig etter vassressurslova § 11, og det må ved behov for tiltak gis løyve frå Statsforvaltaren. **Det er likevel lov å drive vedlikehald/plukkhogst i kantsona utan å søke, så lenge ein opprettheld den biologiske funksjonen til kantsona.** Er du i tvil, ta kontakt med kommunen, så finn me ut av om det er søknadspliktig eller ei!

Ein ser diverre at fleire vassdrag og fjordsystem i kommunen slit med dårleg vasskvalitet, og det er behov for auka innsats frå alle instansar for å ta vare på det viktige vatnet i kommunen vår. I fjor såg me igjen cyanobakterieopplomstringar i Vatsvatnet, Landavatnet og Børkjelandsvatnet og det er urovekkande teikn på at ting ikkje er som dei burde.

Den dårlege miljøtilstanden er grunna for mykje næringstilførsel, og ein stor del av dette kjem frå landbruksverksemd, samt ein del påverknad frå avløp. Kommunen har allereie fokus på oppfølging og oppgradering av avløpsanlegg og mange bønder er bevisste på avrenning og har gjort tiltak som å ha ekstra kantsoner mot vassdrag og spreie med stripespreiar. Dette er ordningar der ein kan få ekstra tilskot gjennom RMP, og sjølv om det allereie er mange som gjer desse tiltaka, ser me potensiale for at fleire kan implementere desse tiltaka i drifta.

Kommunen vil på det sterkaste oppmode fleire bønder til å gjere tiltak for å redusere avrenning frå dyrka mark. Aktuelle tiltak som det går an å få tilskot til er lista opp under:

- **Ugjødsla kantsoner i eng**
Mot vatn og vassdrag skal ein uansett ha minst to meter med vegetasjon der det ikkje blir gjødsla, sprøyta eller pløgd. Dette er eit absolutt vilkår for å få produksjonstilskot. I tillegg kan ein få ekstra tilskot gjennom RMP-ordninga viss ein set av 4 meter i tillegg til dei obligatoriske to

metrane kor ein ikkje gjødsalar. Den ugjødsla sona skal ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal, og kantsona må ha ei lengd på minimum 50 meter.



Foto: Statsforvaltaren i Vestland

- **Nedlegging/nedfelling av gjødslar**
Ved å nytte spreieutstyr som anten legg gjødsla direkte på bakken eller skyt den ned i jorda vil ein både kunne redusere næringsavrenning til vassdrag, men og redusere utslepp til luft. Det er og lettare å få ei meir presis og effektiv utnytting av gjødsla. Ein kan få tilskot for slik miljøvenleg gjødselspreiing gjennom RMP-ordninga.
- **Planting/etablering av kantvegetasjon**
Kantvegetasjon i form av buskar og tre er svært viktige både for liv i vatn og på land. Eksisterande kantvegetasjon er beskytta gjennom vassressurslova, men fleire plassar er den manglande. Eit meir fullverdig og diverst vegetasjonsbelte mot vassdrag vil både bidra til å redusere næringsavrenning, og vere positivt for biologisk mangfald, og ein kan få tilskot til å etablere/plante kantvegetasjon langs vassdrag gjennom SMIL-ordninga.

- **Fornye drenering**
God drenering er viktig for å sørge for gode avlingar, men og for å sørge for at tilførte næringsstoff ikkje blir skylt vekk ved overflateavrenning, men blir tatt opp i jorda på veg ned i dreneringa. Ein kan få tilskot til drenering av allereie drenert areal og planerte areal som ikkje er drenert endå gjennom ordninga «tilskot til drenering av jordbruksjord».
- **Etablering/oppreinsking av reinsepark**
Reinseparkar kan vere med på å fange opp næringsstoff før dei når ut til vassdraga våre, men treng oppreinsking etter nokre år for å fungere optimalt. For at reinseparken skal fungere optimalt må den også vere utforma etter visse kriterium. Ein kan søke om SMIL-tilskot for å etablere ny eller reinske opp i allereie eksisterande reinsepark. Kommunen kan rettleia i prosessen med både etablering og reinsking av reinseparkar.



Foto: Gaute Widerøe Hennig

I tillegg til å gjere tiltak og nytte seg av tilskotsordningar som kan redusere avrenning, er det og viktig å halde

fosforbruken i gjødslinga til eit minimum og gjødsle etter behov og når værforholda er gunstige. Gjødsla er ein ressurs når den blir tatt i bruk riktig, men den er til skade for naturmiljøet viss det blir gjødsla feil eller for mykje.

Gjødselutslepp og silosaft

Det har diverre vore mange tilfelle med avrenning og utslepp av gjødsel og silosaft til vassdrag i kommunen i løpet av dei siste åra. Dette er svært uheldig, då fleire av vassførekomstane våre allereie er sterkt påverka av landbruksavrenning, avløp, samferdsel og industri. Kommunen ser at mange av tilfella er knytt til uvørden handtering av gjødsel i samband med pumping og spreining, samt at det er ein del eldre anlegg der det kan oppstå lekkasjar.

Gjødselbrukforskrifta spesifiserer at anlegg for husdyrhald samt lagring av husdyrgjødsel skal plasserast slik at det ikkje kan medføre fare for avrenning/forureining, og at dei skal vere tette. Forskrifta spesifiserer og at silosaft skal samlast opp og lagrast slik at det ikkje fører til forureining. Det er grunneigar sjølv som er ansvarleg for at dette blir følgt opp, og at det blir gjort naudsynt vedlikehald av anlegg for å forhindre uønskte utslepp av husdyrgjødsel eller silosaft.

Kommunen ser diverre at det er mange gamle og slitne anlegg for gjødsellagring i kommunen, og vil difor oppmode alle grunneigarar til å ta ein ekstra kikk over gjødsellager og gjere naudsynt vedlikehald, til dømes av gjødselportar, for å forhindre lekkasje/utslepp. Kommunen ser og at gjødselkummar i stål/metall kan vere sårbare konstruksjonar ved manglande vedlikehald, så ta gjerne ein ekstra runde med vedlikehald/tilsyn på desse viss du har ein slik.

Viss vedlikehald av gjødsellager ikkje blir følgt opp, kan det vere eit brot på forureiningslova, som spesifiserer at ein har plikt til å unngå forureining, og at ingen må gjere noko som kan medføre fare for forureining.

Uhell kan likevel oppstå, og ved tilfelle av akutt forureining er det viktig at ein lokaliserer utsleppskjelda og får stansa

utsleppet/forureininga så fort som råd. I tillegg må ein avgrense dei negative konsekvensane av det som allereie har lekt ut. Ved forureiningshendingar er ein plikta til å varsle forureiningsmynde (kommune, eventuelt brannvesen ved akutte hendingar). Grunneigar/ansvarleg forureinar er ansvarleg for å forhindre, stoppe, avgrense og varsle om eventuell forureining jf. forureiningslova, men kommunen/brannvesen kan gi bistand ved behov.

Andre punktutslepp som kan vere uheldig for vass- og fjordsystema våre er avløp frå vaskevatt og tankrom/mjølkerom frå driftsbygningar. Det skal ikkje vere noko avløp frå driftsbygningar (med mindre det er sett inn toalett som skal ha avløpsløyse), og eventuelt avløpsvass frå tankrom/mjølkerom skal førast over til gjødselkjellar, då dette kan vere veldig næringsrikt og skadeleg for vassmiljøet viss det kjem ut i vassdraga våre. Ta kontakt med kommunen ved spørsmål rundt dette.

SMIL!

Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 900 000,- i SMIL-midlar frå Statsforvaltaren, som har eit mål om at minst 35% av desse skal nyttast til tiltak mot ureining og avrenning til vassdrag (til dømes reinseparkar, planting av kantvegetasjon, m.m.) og at minst 30% skal nyttast til tiltak for ivaretaking av biologisk mangfald (til dømes rydding/opparbeiding av kystlynghei og slåtteområde, sone for pollinerande insekt, bevaring av hole eiker, bekjemping av invasive artar, m.m.). I tillegg er det eit mål om at 5% skal gå til tett dekke over gjødselkummar for å redusere utslepp av klimagassar frå gjødsellagring. Vindafjord kommune har eit ønske om å oppnå desse måla, og oppmodar til å søke om SMIL-midlar innanfor desse kategoriane.

Den lokale SMIL-strategien finn de på heimesidene våre, saman med meir informasjon om SMIL-ordninga: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/smil-midlar/>.

Ved spørsmål angåande SMIL- ordninga er det berre å ta kontakt på e-post; morten.rorheim@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 90 88 42 57.

Vindafjord kommune oppmodar alle som eig eller leiger landbrukseigedom med jordbruksproduksjon til å sende inn søknad om støtte til SMIL-tiltak innan 1. mars. Fristen er for prioriteringar, så det er full moglegheit til å søkja etter fristen viss det framleis er midlar igjen.



Foto: Morten Rørheim

Drenering:

Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan og få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Vindafjord kommune fekk i januar tildelt rekordhøge 1 100 000,- i dreneringsmidlar frå Statsforvaltaren, og kommunen oppmodar jordbruksføretak om å søke om tilskot til drenering fortløpande.

Ein kan få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpemeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot. Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på heimesidene våre:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/tilskot-til-drenering/>.

Ved spørsmål angåande dreneringstilskot er det berre å ta kontakt på e-post; morten.rorheim@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 90 88 42 57

VIL DU BIDRA TIL Å TA VARE PÅ VIPA?

Vipa er kritisk trua, og treng opne område med låg vegetasjon for å lykkast i hekkesesongen.

Gjennom Regionalt miljøprogram (RMP) kan du søkje tilskot til:

- vipestriper
- tiltak for grupper av hekkande vipar

Viktig: Meld inn interessa di til kommunen så tidleg som mogleg dersom du ønskjer å søkje tilskot.

Ta kontakt med oss for meir info og rettleiing!



Foto: Anne Karin Langeland

Fuglevenleg slått

Vindafjord har fleire bakkehekkande fuglar knytt til jordbrukslandskapet, blant anna vipe, storspove og ein og annan åkerrikse. Fleire av desse artane er trua, blant anna grunna intensivering av landbruksdrifta. Men, ein kan gjere tiltak for å ta vare på bakkehekkande fugl i jordbrukslandskap.

For vipa finst det eigne tilskotsordningar i RMP-ordninga, medan ein ved observasjon av åkerrikse kan få kompensasjon for å sette av areal til åkerriksevenleg hausting. Ta kontakt med kommunen ved spørsmål vedrørande tilskotsordningane. Andre generelle tiltak kan til dømes vere å merke eventuelle reir med pinnar og unngå å slå/gjødsla akkurat rundt reira, bruk av vipedisk ved gjødsling, og vipebur for å unngå at rovdyr tar egg.

I tillegg har ein det som ein kallar omsynsfull eller fuglevenleg slått. Det går ut på at ein utførar slått slik at fuglar og fugleungar har moglegheit til å kome seg

unna slåmaskina ved eigen hjelp. Vanleg slått, der ein startar ute ved kanten og slår inn mot midten, kan føre til at fugleungane rømmer inn mot midten og til slutt blir tatt med i slåmaskina.

Ved å tilpasse slåttmønsteret, slik at ein anten slår graset frå den eine sida til den andre, eller at ein startar slått frå midten av jordet og beveger seg utover mot kantane, kan fugleungane få moglegheit til å rømme utover og vekk frå slåttmaskinen. Best effekt får ein viss ein i tillegg slår med redusert hastigheit. Ta kontakt med kommunen ved spørsmål!

LITT SKOGSTATISTIKK

Hogst

I perioden 2016-2025 vart det avverka 258.623 m³ industrivirke og energivirke i kommunen med ein samla bruttoverdi på 121,8 mill. kr. Avverkinga varierer frå år til år, med 25.860 m³ i gjennomsnitt. Lågast var det avverka volumet i 2018 med 16.848 m³. Høgaste avverka volum var 45.950 m³ i 2025, med ein førstehandsverdi på 35,2 mill. kr. Det har tidlegare ikkje vore avverka høgare volum i Vindafjord enn i 2025.

Planting

I perioden 2016-2025 vart det etter hogst planta 3245 dekar med i hovudsak vanleg gran og noko sitkagran og 500 dekar klimaskog i 2018, totalt 3745 dekar. I tillegg er 115 dekar forynga naturleg i perioden.

Ungskogpleie

Interessa for å utføre ungskogpleie synest å ha auka noko, men aktiviteten varierar mykje frå år til år, frå 0 dekar i 2016 og 2018 til 237 dekar i 2022 og 202 dekar i 2024. Gjennomsnittet for perioden er 102 dekar pr. år.

Oppfølging av foryngingsplikta

Tal frå Økonomisystemet for Skogbruk (ØKS) syner at 3328 dekar av det avverka arealet i perioden 2019-2024 er underlagt foryngingsplikt og skal settast i ny produksjon. Av dette er det utført foryngingstiltak på 56% av hogstarealet (1780 daa planting, 90 daa naturleg forynging). 215 dekar er ferdig godkjent

som dyrka mark eller innmarksbeite (6,4%) og 600 daa er under omdisponering (18,1%). På 645 daa er det ikkje utført tiltak for å sette arealet i ny produksjon (19,3%), men det er bestilt planter til 200 dekar av desse for planting i 2026.

Vegbygging

I perioden 2016-2025 er det bygd ferdig 16,4 km skogsbilveg fordelt på 24 veganlegg, med dekningsområde på 10.700 dekar og 165.000 m³ ståande volum i hogstklasse 3-5. Veganlegga har mottatt 11,4 mill. kr i NMSK-tilskot.



Foto: Gitte P. Halvorsen - Veg under bygging.

AKTIVITET I SKOGBRUKET 2025

I 2025 vart det avverka 45.950 m³ skogsvirke for sal i Vindafjord. Dette er avvergingsrekord for Vindafjord. Virket er fordelt på 38.513 m³ gran, 5570 m³ furu og 1867 m³ ved til brensel. Bruttoverdien av dette volumet var 35,2 mill.kr. Innmeldt tal juletre var 4537 stk til ein verdi av kr. 663.000 kr.

Det vart planta 241 dekar (520 daa i 2024 og 342 daa i 2023) og supplert på 138 dekar (236 daa i 2024 og 55 daa i 2023) Ungskogpleie vart utført på 62 dekar (202 dekar i 2024 og 86 daa i 2023).

Skogeigarane har investert 717.280 kr. i skogkultur og mottatt 406.800 kr i tilskot.



Foto: Gitte P. Halvorsen - Granplante

SKOGPLANTING 2026

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst **vinteren 2025 eller før**, og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar med å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Dersom du tenker å plante sjølv, ta gjerne kontakt med kommunen om val av proveniens. Vi har og noko planteutstyr til utlån.

Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.

PROSJEKT SKOGKULTUR

Vindafjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar fått tilskot frå Statsforvaltaren til eit prosjekt med fokus på ungskogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektleiaren er Per Helle, 99417633, perh@skogkurs.no. Han er Skogkursinstruktør og busett på Haugalandet. Ta gjerne kontakt!

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>

FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR

Hugs å melde frå til kommunen når traktorvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd. For skogsbilvegar må kommunen få melding før slitelaget skal på.

FELLINGSRESULTAT – jakta 2025:

Kommunen har lenge hatt som mål å redusere hjortebestanden. Kommunen reduserte minstearealet for hjort i 2019 til 500 dekar. Kommunen vektlegg overvekt av hodyr i uttaket og høgt uttak av kalv. Hausten 2025 vart det felt 938 hjort av 1198 tildelte løyve. I 2024 vart det felt 1043 hjort av 1244 løyve, og i 2023 1127 hjort av 1233 tildelte løyve.



Foto: Ukjent

Kommunen var med på prøveordninga med kvotefri jakt på kalv i både 2022, 2023 og 2024. Føremålet var å nytte ordninga som eit ekstra verktøy for å stanse bestandsveksten av hjort i kommunen. Ut frå fellingsstatistikken kunne det i 2024 sjå ut til at ein kunne ha lukkast i å stanse veksten i bestanden.

Kommunen vedtok derfor å ikkje tillate kvotefri jakt på hjortekalv i 2025. Tal felte dyr i 2025 er på nivå med resultatet frå 2020. Det kan sjå ut til at ein er på rett veg i forhold til målet om redusert bestand i kommunen.

Rådyr: Det vart felt 113 rådyr i 2025, mot 132 i 2024, 117 rådyr i 2023, 138 i 2022 og 105 i 2021. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.

SØKNADSFRISTAR jakta 2026 :

Søknad om endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**

REVEJAKT 2025

Frå lokallaga av Sau og Geit har kommunen fått melding om til saman 88 felte revar innanfor ordinær jakttid i 2025. Åra før vart det felt 122 revar i 2024, 116 revar i 2023, 131 revar i 2022 og 127 i 2021 og 2020. Jakttida for rev er 15.07.-15.04.

SKADEFELLING AV RAUDREV

Tidlegare år har kommunen mottatt søknadar om skadefelling av raudrev utanom ordinær jakttid. Med viltforskrifta av 2020 krev skadefelling av raudrev ikkje lenger løyve frå kommunen.

Det er skadelidte sjølv som kan ta den avgjerda (jf. § 3-4).

Felling kan likevel berre utførast om vilkåra i § 3-3 er oppfylt:

- Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning*
- Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.*
- Uttaket rettes mot skadegjørende individ.*
- Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.*
- Uttaket ikke truer bestandens overlevelse.*

Merk at alt vilt felt etter § 3-4 skal **rapporterast til kommunen** av den **skadelidte** så snart som råd, med opplysning om tal individ, art og kva skade som var grunnlag for uttaket. Reglane over (§ 3-3 og § 3-4) gjeld og for skadefelling av m.a. kanadagås.

NYTT I 2026! HØGARE DAGSATS FOR TILSKOT TIL AVLØYSING VED FØDSEL- OG SVANGERSKAP

I tillegg har gjeldande dagsatsar for sjukdomsavløysing auka:

Tabell 9.3 Foretakets maksimale dagsats

Tilskuddsgrunnlag:	Maksimal dagsats, kr.	Maksimal dagsats v/ fødsel og svangerskap (jf. § 5) kr.
kr. 5 000 – 12 000	895	1 011
kr. 12 001 – 18 000	1 301	1 470
kr. 18 001 – 24 000	1 742	1 967
kr. 24 001 – 30 000	2 181	2 463
kr. > 30 000	2 700	3 050

Ta kontakt dersom du vil vite meir om ordninga og kva du har rett på.



Ny gjødselbrukforskrift –

Kva gjeld for drifta mi no?

Den nye gjødselbrukforskrifta trådde i kraft i 2025. Frå 1. januar 2026 gjeld nye reglar for gjødslingsplanlegging, og den tidlegare forskrifta blir erstatta. Tidlegare dispensasjonar vil ikkje lenger vere gyldige, og det blir stilt tydelegare krav til dokumentasjon og fosforgrenser. Me oppmodar alle som brukar gjødsel om å setje seg inn i dei nye reglane for å sikre ei god og lovleg drift.

Sjå Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv -Lovdata

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2025-01-29-115>



Foto: Vindafjord kommune

Gradvis meir restriktive fosforgrenser

Det tidligare kravet til spreieareal (dekar per gjødseldyreeining) er no erstatta av ei grense for kor mange kilo fosfor du kan gjødsle med per dekar. I praksis må du framleis sørge for å ha nok spreieareal å fordele gjødsla på. Dersom du ikkje har nok eige areal til å spreie gjødsla på, må du levere gjødsel til andre gardbrukarar som har ledig areal, eller til andre som tek imot gjødsel for vidare handtering, til dømes biogassanlegg.

I Rogaland kan ein frå 2027 bruke maksimalt 3,1 kg fosfor per dekar per år. Det er innført maksimale grenser for fosforgjødsling som gradvis blir strengare fram mot 2033 (sjå Tabell 1). Gjødslingsplanen er eit viktig verktøy for å tilpasse seg desse grensene.

Ved behov kan ein søkje Statsforvaltaren om å gjødsle meir på fosforfattig jord eller bruke balansegjødsling dersom avlingane krev det.

Tabell 1. Endring av tillatt mengd fosfor i gjødsla brukt på jordbruksarealer frå 2025 til 2033.

Frå år	Overflatedyrka og fulldyrka (kg P/daa/år)	Innmarksbeite (kg P/daa/år)
2025	3,5	2,0
2027	3,1	2,0
2030	3,0	2,0
≥2033	2,7	2,0

Mange føretak blir råka av strengare fosforgrenser. Fram mot 2027 er det derfor viktig å få ei oversikt over korleis spreiearealet på garden vil sjå ut i åra med innstrammingar, og kor mykje fosfor som anten må bortskaffast eller kan tilførast dine areal.

Lurar du på om du har nok spreieareal etter dei nye grensene? Prøv Landbruksdirektoratet sin fosforkalkulator. <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/husdyrgjodsel-og-gjodsling/retteleing-til-gjodselbrukforskrifta/kor-mykje-gjodsel-fosfor-og-nitrogen-kan-du-spreie>.

Hugs å velje riktig region og periode før du legg inn andre opplysningar.

Tilpassingar føretaket ditt kan vurdere å gjere:

- Overgang til lågfosfat-gjødsel
- Justere dyretalet
- Større arealgrunnlag (nydyrking, ta i bruk att areal som har vore ute av drift, utmarksbeite)
- Balansegjødsling (aktuelt for dei med høge avlingsnivå). Dette blir relevant frå 2027 når fosforgrensene blir skjerpa.



Foto: Vindafjord kommune

Mineralgjødning og husdyrgjødsel i beite

Innmarksbeite må vere godkjent av kommunen for spreing av gjødsel.

Du kan nytte vedlagt søknadsskjema.

Søknaden skal fyllast ut og sendast til landbrukskontoret, og alle informasjonsboksane i skjemaet må vere utfylte. Opplysningar om spreieutstyr og rekkevidde, køyreveggar og gjødslingshistorikk er viktige for vurderinga.


Det er òg viktig at du legg ved kart over dei aktuelle areala, der køyreveggar er teikna inn.

Digital oversikt over godkjende spreieareal i innmarksbeite

Godkjende område blir digitalisert i ei kartløyising. Dersom du ønsker å sjå kva for areal som er godkjende som spreieareal, kan du gå inn på Temakart for Rogaland – Spreieareal og skrive inn adressa di. <https://www.temakart-rogaland.no/apps/map/spreieareal>

I kartet vil godkjende delar av innmarksbeite vere synlege som:

- raudt eller lilla – godkjent for både husdyrgjødsel og mineralgjødsel
- blått – godkjent berre for mineralgjødsel.



Krav om gjødselplan og -journal

Frå 2026 skal alle som brukar gjødsel føre journal over faktisk gjødsling. Gjødseljournalen skal kunne leggjast fram ved kontroll seinast 1. november same året som gjødslinga er utført.

Dersom ein disponerer mindre enn 25 dekar areal og nyttar mindre enn 75 kg fosfor, er ein fritaken frå kravet om årleg gjødslingsplan.

Merk at kravet om gjødseljournal gjeld for alle, uavhengig av storleiken på arealet.

Gjødseljournal

Gjødseljournalen skal innehalde:

- Kvar og når det er gjødsla
- Type og mengd gjødsel som er brukt
- Kor mykje fosfor og nitrogen som er tilført kvart areal
- Kor mykje total-nitrogen og total-fosfor som er påført
- Mottak eller bortlevering av gjødsel ($> 75 \text{ kg P}$)

Døme på gjødseljournal:

Teig 1, 30 daa

05.04.2026

Storfe gjødsel, 45 tonn (1,5 tonn/daa)

Nitrogen: $45\,000\text{ kg} \times 0,5\% = 225\text{ kg}$

Fosfor: $45\,000\text{ kg} \times 0,15\% = 68\text{ kg}$

Per daa: N = 7,5 kg, P = 2,3 kg

20.05.2026

Fullgjødsel 18-3-15, 300 kg

Nitrogen: $300\text{ kg} \times 18\% = 54\text{ kg}$

Fosfor: $300\text{ kg} \times 3\% = 9\text{ kg}$

Totalt:

Nitrogen: $225 + 54 = 279\text{ kg N} \rightarrow 9,3\text{ kg/daa}$

Fosfor: $68 + 9 = 77\text{ kg P} \rightarrow 2,6\text{ kg P/daa}$

Gjødselplan

Føretaket skal ha ein gjødslingsplan før vekstsesongen tek til. Når du reknar ut gjødslingsbehovet og vel gjødsetype, skal du ta utgangspunkt i jordprøvane, føregåande vekst, veksttype og venta avlingsnivå. Fullstendig oversikt over kva som skal vere med i gjødslingsplanen, finn du i Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv § 26.

Dersom du har ei enkel driftsform, lite variasjon i arealbruken eller ei ekstensiv drift som gjer at gjødslingsbehovet varierer lite mellom skifta frå år til år, kan du ha ein fleirårig plan. Du treng ikkje godkjenning frå kommunen – du må sjølv vurdere om det er nødvendig å lage ein ny plan kvart år, eller om du kan bruke den same planen over fleire år.

Overgangsreglar

Henta frå Forskrift om lagring og bruk av gjødsel § 36.

Spreietidspunkt

Fram til utgangen av 2026 er spreietidspunkt likt som før. Frå 2027 er spreieing av organiske gjødselvarer tillaten i perioden 1. mars til og med 1. september i Rogaland.

Beite godkjent som spreieareal

Tidlegare godkjende innmarksbeiter skal reknast som godkjent spreieareal så lenge arealet oppfyller definisjonen av innmarksbeite etter AR5.

Innmarksbeiter kan fram til utgangen av 2027 tilførast mineralgjødsel utan at arealet er godkjent, såframt det ligg føre gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 som dokumenterer at arealet fekk mineralgjødsel før forskrifta trådde i kraft.

Fosforgrenser

Føresegnene om avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal trer i kraft 1. januar 2027 (sjå Tabell 1). Fram til utgangen av 2026 skal mengda tilført fosfor ved bruk av fosforhaldige gjødselvarer og anna plantenæring på fulldyrka og overflatedyrka jord ikkje overstige 3,5 kg P per dekar.

Statsforvaltaren kan, etter søknad, gi løyve til tilførsel av meir enn 3,5 kg P/daa/år dersom føretaket dokumenterer eit reelt behov basert på avlingas fosforopptak og fosfornivå i jorda målt gjennom jordprøver.

Gjødslingsplan og gjødseljournal

Føresegnene om krav til gjødslingsplan i § 26 og krav til gjødseljournal i § 27 trer i kraft 1. januar 2026.

Jordprøver

Jordprøver tekne før forskrifta trer i kraft skal reknast som godkjende såframt prøvestadene er kartfesta, og det ligg føre analyseresultat som viser jordart, pH, fosforinnhald målt som P-AL-verdi, og innhald av organisk materiale (moldinnhald). Frå 1. januar 2030 skal det likevel liggje føre jordprøver som oppfyller krava i § 29.

Bruk av produkt med avløpsslam

Føresegner om bruk av produkt som inneheld avløpsslam trer i kraft 1. januar 2030.

Skjematisk framstilling av overgangsreglane i forskrifta om lagring og bruk av gjødsel.

			2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
§ 15	Spredetids-punkt	Jæren Øvrig Rogaland	Som før		1. mars – 1. september							
§ 17	Spredareal	Husdyrgjødsel	Tidligere godkjenninger gjelder									
	innmarksbeite (høsteplikt!)	Mineralgjødsel	OK: gjødslingsplan fra 2022 og 2023				OK om godkjent av landbrukskontoret					
§ 18	Soner mot vassdrag	Fulldyrka & overfl.dyrka	Minst 2 meter									
		Beite	Minst 6 meter									
§ 20	Fosfor pr. daa	Fulldyrka og overfl.dyrka	3,5 kg ➡		3,1 kg ➡			3,0 kg ➡		2,7 kg		
		Balansegjødsling	Mengde tilført P = P i avling (pr. 3. år)									
		Netto godkjent innmarksbeite	2 kg									
§ 21	Mer fosfor	Potet og grønnsaker										
§ 26	Gjødslingsplan		Som før	Årlig plan (behovsjusteres) > 25 daa 5 daa potet/grønnsaker								
§ 27	Gjødslingsjournal (over 75 kg P)		Ikke krav	Krav: dato, areal, type, mengde N P pr areal og total N P								
	Rapportere opplysninger om bortskaffing av gjødsel > 75 kg P		Når Landbruksdirektoratet har klargjort systemer for rapportering. Type, mengde total-P, dato og mottaker									
§ 29	Jordprøver	Uttak	Tatt før 2025 OK (kartfesta, jordart, pH, p-AL og moldinnh.)						Maks 8 år P-krevende maks 4 år			
		Innrapportering	Når Landbruksdirektoratet har klargjort systemer for rapportering									
§ 12	Gjødsellager	Minimum 8 mnd kapasitet	Som før									

Tabell 2. Tidslinje. Ver merksam på at «fosfor» i nokre tilfelle er forkorta til «P» i tabellen. Tabellen er utarbeidd av Statsforvaltaren i Rogaland, med mindre justeringar i den opphavlege grafikken for å gjere informasjonen meir brukarvenleg.

Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovudoppgåver
	Thomas Vestbø Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no Einingsleiar inkl.miljø
	Morten Rørheim Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no SMIL/drenering/konsesjon
	Gaute Widerøe Hennig Tlf. 47 78 10 84 e-post: gaute.hennig@vindafjord.kommune.no Slutter hos oss 01.03.2026
	Sissel Lilleland Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no Produksjonstilskot
	Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no Konsesjon/deling/nydyrking
	Anne Karin Langeland Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no Oppdatering av gardskart
	Gitte P. Halvorsen Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no Skog og viltforvaltning

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65



VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2
5585 SANDEID

Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal – gjødselvarer

Søknaden skal sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. *Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ønskeleg, og avslå for areal der det ikkje er ønskt med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite er viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald.*

Husdyrgjødsel/biorest: NB! Du kan ikkje spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite før det føreligg eventuell godkjenning frå kommunen. For spreieareal som allereie er registrert i Temakart Rogaland -Spreieareal, er det ikkje behov for ny godkjenning. Ver likevel merksam på at du ikkje kan spreie gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag, og berre på areal som framleis er innmarksbeite. Utrekna dekar spreieareal frå gamal godkjenning kan difor vere feil i dag.

Mineralgjødsel: Frå 2025 er det innført krav om godkjenning òg for bruk av mineralgjødsel på innmarksbeite. Dei tre første åra kan du likevel spreie mineralgjødsel på innmarksbeite som er oppført med mineralgjødsel i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Frå 2028 kan du ikkje spreie noko mineralgjødsel på innmarksbeite før godkjenning.

Grunnopplysningar			
Organisasjonsnummer	Føretakets namn	Gnr./bnr.	Kommune
Etternamn	Før- og mellomnamn		
Adresse	Postnr.	Poststad	
Telefonnr./mobilnr.		E-postadresse	

	Ja	Nei
Gjeld søknaden godkjenning for bruk av berre mineralgjødsel?		
Gjeld søknaden generell godkjenning for både husdyrgjødsel/biorest og mineralgjødsel?		

Søknad om godkjenning av innmarksbeite					Tidlegare praksis	
Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødsel	Husdyrgjødsel/biorest	Mineralgjødsel
Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødsel	Husdyrgjødsel/biorest	Mineralgjødsel
Sum						

Korleis skal husdyrgjødsla spreiest?

Underskrift søker

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Underskrift av eigar dersom søker leiger

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Nødvendig vedlegg:

- ✓ Kart der det aktuelle arealet er merka. Informasjon om kva gjødselslag du søker om å bruke på ulike areal må kome fram av kartet som du legg ved søknaden.
- ✓ Gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Dette er aktuelt uansett kva godkjenning du søker om. Dokumentasjon og kommentarar om tidlegare gjødsling på beita er relevant for kommunen si vurdering.

Framgangsmåte for å lage kart:

- Gå inn på <https://gardskart.nibio.no/>
- Søk opp kommune og gnr/bnr, evt. Legg til fleire eigedomar
- Zoom inn til rett innmarksbeite
- Gå til Teikne/måle, Flate:
Merk aktuelt areal ved å venstre-klikke med mus, dobbeltklikk for å avslutte flate
- Trykk Lag pdf for utskrift / lagring:
Velg kartutsnitt og finn beste målestokk.
Dra den gule firkanten slik at den dekker aktuell innteikning
Velg Avansert gårdskart for val mellom ståande og liggande format
- Trykk lagre fil for utskrift
Du får då en pdf som du lagrar på eigen pc
- Last pdf av teigen opp i søknaden

Du kan evt. heller gjere tilsvarende i andre kartløyser.

Gjødslingsplan:

Planlagt bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel på innmarksbeite må bli inkludert i gjødslingsplanen etter at areala er godkjent som spreieareal for gjødsel.

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Spreiing av gjødselfarar kan berre skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite **etter** godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i si vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om *vegetasjonssone som er bandlagt mot spreieing* blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreieing i innmarksbeite.

Jf. § 20 om *avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal* kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år.

Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla *beite godkjent som spreieareal*, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.